




## Handlingsplan 4H Sogn og Fjordane 2023 og 2024

Aktivitet	Større	Smartare	Synlegare	Bærekraftsmål
<b>Medlemstal og Rekruttering</b>	<b>Drive klubbpleie og ta vare på klubbane vi allereie har.</b> Fokus på å behalde/rekruttere vaksne. Oppfordre til «ta med ein venn»-arrangement. Mål: Alle klubbar har besøk av kontoret/fylkesstyret annakvart år.	Bidra til at klubbane beheld medlemmar og rekruttera. Invitere oss på klubbbesøk, ta med ein aktivitet. «Lære ved å gjere» med klubbrådgjeverar; medlemsregister, prosjektplattform, bidra til at å drive klubb vert enklare.	Oppdatere og distribuere foreldrebrosjyre med meir informasjon om 4H og 4H Sogn og Fjordane.	
<b>Samarbeid mellom klubbar</b>	Nysatsing på regionsamlingar; få med fleire, skapa vennskap og samarbeid på tvers av klubbar. Oppfordre til fleire 4H-nemder.	Ei større samlingar i kvar region; Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Ein heil dag, eller ei overnatting = færre samlingar, men meir tid på kvar.	Ha samling på «offentleg stad» med ein kjekk aktivitet.	
<b>Fleire deltakarar på aktivitetar</b>	Behalde dei faste og kjende aktivitetane vi har; Superhelg, Storkurs, Nattvolleyball, Fylkesleir, Regionmøter, og ha fokus på å gjere aktivitetane spanande og attraktive.	Regionsamlingar skal bidra til vennskap på tvers av klubbane som gjer til at dei oppfordrar kvarandre til å reise på arrangement for å møtast att. Generell informasjon til born og vaksne om alle arrangement om <i>kva</i> det er (inntil ei side per arrangement)	Vise fram kor kjekt det er på 4H-aktivitetane våre, gjennom sosiale media retta mot målgruppa.	
<b>4H for alle</b>	Kjennskap til kva 4H er, at det er partipolitisk uavhengig og livsynsnøytralt, samt dei økonomiske ordningane som fins kan bidra til rekruttering.  Inkluderingsprosjekt: prosjektplan og søknadar skal vera klart hausten 2023	Mange born lev i familiar som ikkje har råd til fritidsaktivitetar for borna, ved å verta gode på å fronte deltakarstøtte/ordningar vi har syner vi at 4H er for alle.	Fokus på god informasjon ut om kva 4H er. Samt synleggjere dei stønadsordningane og deltakarstøtte 4H har for medlem med dårleg økonomi, både i klubbane og utad.	